

Midt-Telemark kommune
Bøgata 67
3800 BØ I TELEMARK

Vår dato: 30.10.2025
Vår ref.: 202518295-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 25/9679

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

NVEs innspel - Varsel om oppstart og høyring av planprogram - Revidering av kommuneplanens arealdel 2025-2035 - Midt-Telemark kommune

Vi viser til brev datert 08.09.2025. Saka gjeld høyring av planprogram og varsel om oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel for Midt-Telemark kommune.

Om NVEs oppgåver og sektorinteresser

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVE rettleiar 2/2017 «[Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#)» gjer greie for kva som skal til for at NVE sine sektorinteresser skal vere tilstrekkelege teke i vare i arealplanar etter pbl.

NVEs tilbakemelding til høyring av planprogrammet

Kommunen viser mellom anna til FNs berekraftsmål, Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027, Statlig planretningslinje for klima og energi, og Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag som viktige føringar i arbeidet med arealplanlegging. Det er positivt at kommunen legg desse nasjonale forventningane og berekraftsmåla til grunn for planarbeidet. NVE vil òg minne om [Klimaprofil Telemark - Norsk klimaservicesenter](#) som er oppdatert i oktober 2025.



ROS og oppdatert kunnskapsgrunnlag

Midt-Telemark kommune skal revidere ROS-analysen frå 2019. Vi føreset at kommunen i ROS-arbeidet har sikra at ny og oppdatert kunnskap om fare for flaum, skred, erosjon og overvatn blir nytta, og at dette blir lagt til grunn for arealplanlegginga.

Planvask og spørsmål om gjeldande reguleringsplanar fortsett skal gjelde

I kapittel 6 i planprogrammet står det at «kommunen skal vurdere om innhaldet i eksisterande reguleringsplanar er i tråd med kommunens interesser, samt regionale og nasjonale føringar.» Det er viktig å ha oppdaterte planar. Vi viser til [Utkast til sluttrapport \(«Grunnlag for veileder om revisjon av kommunale arealplaner»\)](#) frå KDD.

KDD gav ein tolkningsuttale datert 15.05.2025 om [§§ 1-5 og 11-8 – Forholdet mellom motstridsbestemmelsen i § 1-5 andre ledd og hensynssone f - regjeringen.no](#) som klargjer heimel for å fastsette korleis eldre reguleringsplanar ved motstrid gjeld framfor den nye kommuneplanen. Vi minner om at NVE kan ha motsegn viss kommunen vedtek at eldre reguleringsplanar, som er i strid med nasjonale eller regionale interesser (som flaum og skred), skal gå framfor den nye planen ved eventuell motstrid.

NVEs innspel til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel

NVE har utarbeidd ei [kartbasert rettleiing for kommuneplanen sin arealdel](#) som går stegvis gjennom NVEs fagområde. Rettleiaren kan vere eit nyttig hjelpemiddel for å få oversikt på kva forhold som må avklarast vidare. Den kan òg nyttast i arbeid med kommunedelplanar.

Kartlegg areal som er utsett for potensiell naturfare

Utgreiing av flaum-, erosjon- og skredfare på kommuneplannivå har som mål å avklare om det er areal med potensiell fare i område der det kan vere aktuelt med bygging. De må difor vurdere om det kan vere naturfare òg i dei eksisterande byggeområda i gjeldande plan. Dette fordi sikkerheitskrava i byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7 gjeld all utbygging i kommunen, uavhengig av reguleringsstatus, arealføremål i plan, om det er nye utbyggingsområde eller fortetting.

Marker areal utsett for fare med omsynssoner i plankartet og styr utbygging til trygge område

Omsynssoner er eit godt verkemiddel for å synleggjere ulike omsyn som de skal ta i vidare planlegging og sakshandsaming av einskildsaker. Omsynssonene, og føresegner/retningslinjer knytt til dei, kan gå på tvers av arealbruksføremål, på tvers av eksisterande og framtidig bruk, og på tvers av regulerte og ikkje regulerte areal. Omsynssone *Fareområde* (pbl § 11-8a/(H310, H320)) gir heimel til å gi føresegner knytt til sona som de ikkje har heimel til å gi til det einskilde arealbruksføremål på kommuneplannivå.

NVE rår difor til at de innarbeider alle aktsemdområde for naturfare i plankartet som omsynssoner. Særleg legg vi vekt på at de gjer dette i eksisterande og framtidige byggeområde. Til omsynssonene må de knyte føresegner med anten byggeforbod, eller krav om nærare kartlegging av faren i alle plan- og byggesaker. Vårt generelle råd er å styre ny utbygging til trygge område.



NVE retningsline 2/2011 [«Flaum- og skredfare i arealplanar»](#) gir nærare oversikt over korleis flaum, erosjon og skred kan utgjere ein fare, og korleis desse bør utgreiast og innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel/ kommunedelplan.

Nytt best mogeleg kunnskap om naturfare i planlegginga

Det er viktig at de nyttar best mogeleg kunnskap om naturfare i planlegginga. Der det er kartlagt faresoner for skred, er utarbeidd flaumsonekart i kommunen, eller der kommunen har annan konkret kunnskap om fare som kan etterprøvast, kan denne kunnskapen nyttast i staden for dei landsdekkande aktsemdkarta.

Unntak frå plankrav og spreidd bustadbygging

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Dette går klårt fram i [KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) side 12 der det heiter:

«Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt.»

Det betyr at dersom planen opnar for direkte utbygging eller fortetting, utan krav om reguleringsplan, må reell fare vere avklart i samanheng med arbeidet med arealdelen. Dette gjeld også i område som er lagt ut som LNF-spreidd.

Rettleiaren [Planlegging for spreidd bustad-, fritids- og næringsbusetnad i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde](#) omtalar både LNFR a)- og LNFR b) formål. Under kapittel 1.2 og overskrifta «Om LNFR-formålet etter § 11-7 nr. 5 bokstav a)» står det i siste avsnitt (s. 6):

«I LNFR-områder kan det også brukes hensynssoner etter § 11-8 bokstav a) for å synliggjøre sikrings-, støy- og faresoner med angivelse av fareårsak eller miljørisiko. Innenfor sonen kan det gis bestemmelser som forbyr eller setter vilkår for tiltak og/eller virksomheter, jf. § 1-6.» I kapittel 3.6 i rettleiaren er det meir informasjon om bruk av omsynssoner.

Ifølgje rundskriv H-5/18 må faren vera avklart for tiltak som skal kunna realiserast direkte med heimel i kommuneplanen sin arealdel/ kommunedelplan. Dette vil gjelda uavhengig av arealformål, og vi legg difor til grunn at dette gjeld både LNFR a)- og LNFR b) område.

Dersom planen legg til rette for fortetting eller ny utbygging utan plankrav i område som er avsette til bustadformål, fritidsbustadformål, næringsareal eller anna utbyggingsformål, må naturfare vere avklart i dei områda det gjeld. NVE har grunnlag for motsegn viss slike område samtidig ligg i område som kan vere utsette for naturfare. Kommunen kan likevel opne opp for tiltak i lågaste sikkerheitsklasse, F1 og S1 og tiltakskategori K0, sidan desse tiltaka ikkje er nasjonal eller regional interesse.

NVE viser til to brev frå KDD hausten 2025, der dei stadfester at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå: [Godkjenner ikke småhusplanen i Oslo kommune på grunn av mangelfull undersøkelse av fare for kvikkleire - regjeringen.no](#) og [Sandefjord kommune - Innsigelse til kommuneplanens arealdel 2023-2035 - regjeringen.no](#).



Korleis kartlegge potensiell naturfare - Skredfare i bratt terreng

Som nemnt ovanfor har NVE utarbeidd ei [kartbasert rettleiing for kommuneplanen sin arealdel](#). Rettleiinga steg 7 og 8 gir ei trinnvis rettleiing for korleis de kan identifisere aktsemd- og fareområde for skred i bratt terreng.

NVE publiserte nye aktsemdkart for snøskred i 2023, med og utan skogeffekt. Desse er landsdekkande og har ei ny og betre modellering enn dei gamle aktsemdkarta (frå 2010). Aktsemdområda er nokre stader annleis enn på dei gamle karta.

Kartlaget S3_snoskred- Aktsomhetsområde i [NVEs temakart](#) og [NVE Atlas](#), kombinerer aktsemdkarta frå 2010 og 2023. NVE rår til å bruke det som grunnlag for omsynssone for snøskred i kommuneplanen sin arealdel/ kommunedelplan i kombinasjon med aktsemdkart for steinsprang og jord- og flaumskred der desse går lengre.

For meir informasjon om aktsemdkart for snøskred, sjå [Aktsemdkart for snøskred 2023 - NVE](#) og [Kartbasert rettleiar for kommuneplanens arealdel](#) steg 7 og 8.

For område som berre ligg innanfor aktsemdområde for snøskred, og utanfor aktsemdområde for andre skredtypar i bratt terreng, kan ein for sikkerheitsklasse S1 og S2 i TEK17 § 7-3, redusere aktsemdområdet for snøskred basert på effekten av skogen på løyseområda. Viss denne vurderinga ikkje friskmelder området, er det krav om ei fagleg vurdering (skredrapport) før vedtak av reguleringsplan. NVEs rettleiar [kartlegging av skredfare i bratt terreng](#) er tilrådd å bruke i utgreiinga.

NVE har hausten 2025 publisert nye aktsemdkart for jord- og flaumskred, sjå [NVEs temakart](#) og [NVE Atlas](#). For meir informasjon: sjå steg 9, 10 og 11 i NVEs [Kartbaserte rettleiing for reguleringsplan](#). Denne informasjonen kan de ta inn som ei føresegn til omsynssone for skred i kommuneplanen.

Flaumfare og erosjon

[Kartbasert rettleiing for kommuneplanen sin arealdel](#) gir også råd for korleis omsyn til flaum og erosjon bør innarbeidast i plandokumenta. Det viktigaste generelle rådet er å halde nye tiltak og bygg i god avstand frå vassdraga.

I NVE rettleiar [3/2022 Sikkerhet mot flom](#) er det gitt råd for kartlegging av flaumfare på ulike plannivå med mest fokus på kartlegging av reell flaumfare. Rettleiaren [3/2015 Flaumfare i bekker](#), gir råd om korleis de kan identifisere og kartlegge flaumutsette område langs bekkar.

Aktsemdskartet for flaumfare som er tilgjengeleg i [NVE Atlas](#) og NVEs temakart, er utarbeidd med utgangspunkt i desse generelle råda, og kan nyttast som grunnlag for omsynssone *Flaumfare H320* på kommuneplannivå. I tilhøyrande føresegn må det kome fram at det er aktsemdsområde som krev vurdering av reell fare på neste plannivå. Aktsemdkartet for flaum er oppdatert i 2025 og fleire aktsemdområde er lagt inn i kartet, sjå meir informasjon: [Aktsomhetskart for flom - NVE](#).



Det er gjennomført kartlegging av flaumfare i kommunen som NVE har registrert: [Midt-Telemark kommune - NVE](#). Vi rår til å bruke best tilgjengeleg kunnskap i kommuneplanen der det finnes kartlegging.

Kvikkleire

I [NVE rettleier 1/2019](#) kap. 3.2 (s. 19) er ein prosedyre som beskriv korleis de kan identifisere og avgrense kvikkleireområde i arealplansaker. Areal som ikkje blir friskmeldt i samsvar med prosedyren, er å sjå på som aktsemdområde for kvikkleireskred (områdeskred).

I slike område trengst det ytterlegare vurderingar for å dokumentere tilstrekkeleg sikkerheit. Fleire kommunar avgrensar dette til å innarbeide føresegnar i kommuneplanen, jf. pbl. § 11-9, med krav om utgreiing av fare for kvikkleireskred i område under marin grense.

NVE har utarbeidd aktsemdkart for kvikkleireskred. Aktsemdkartet er basert på NGUs temakart *Mulighet for Marin Leire* (MML), eller marin grense der MML-karta ikkje er tilgjengelege. NVE har nyleg publisert nye og forbetra aktsemdkart for kvikkleire som også tek omsyn til terrengforskjellar. Kartet erstattar prosedyrepunkt 3 i [NVE rettleiar 1/2019](#) (kap. 3.2). Karta er tilgjengelege på NVE Atlas og NVE Temakart kvikkleire. NVE har presentert dei nye karta i eit [naturfarewebinar](#).

De kan bruke desse aktsemdkarta som grunnlag for omsynssone i plankartet for å ytterlegare avgrense areal som krev vurdering på neste plannivå.

Det er gjennomført kartlegging av kvikkleireskredfare i kommunen som NVE har registrert: [Midt-Telemark kommune - NVE](#). Vi rår til å bruke best tilgjengeleg kunnskap i kommuneplanen der det finnes kartlegging.

Ta omsyn til venta klimaendringar

[Statlige planretningslinjer for klima og energi - Lovdata](#), som gjeld frå 01.07.2025, inneheld fleire konkrete retningslinjer knytte til samfunns- og arealplanlegginga i kommunen. I planretningslinjene heiter det mellom anna at planlegging skal bidra til at samfunnet vert budd på, og tilpassa klimaendringane. Vi oppmodar dykk om å sette dykk inn i planretningslinjene og nytte arealdelen aktivt for å oppnå ei samla arealdisponering som tek omsyn til eit klima i endring. I følge planretningslinjene må de gjere ei vurdering av om omsynet til eit endra klima inneber trong for oppheving eller revisjon av gjeldande reguleringsplanar.

Faktaarket frå NVE, [«Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen»](#), gir ei kort skildring av korleis de bør innarbeide omsynet til klimaframskrivingar i arealplanane.

Norsk klimaservicesenter har utarbeidd klimaprofil for Telemark: [Klimaprofil Telemark - Norsk klimaservicesenter](#). Vi rår til at de nyttar kunnskapen klimaprofilen gir om forventa klimaendringar i planarbeidet.



Utbygging kan gi problem med overvatn

Utbygging som fører til auka del harde flater, kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstraums. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar. Det er òg viktig at de er merksam på at ny utbygging kan blokkere avrenninga ovanfrå, noko som igjen kan føre til skader på sjølve bygget, og/eller leie overvatnet i uønskt retning.

NVE rår dykk til å nytte tretrinns-strategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, hovudsakleg på overflata. Eit viktig prinsipp er å bidra til så «naturlik» overvasshandtering som råd.

For å sikre og etablere gode løysingar for overvatn, viser vi til at det skal veljast opne løysingar. Dersom andre løysingar blir valde, skal det grunngjevast kvifor naturbaserte løysingar blir valde bort, sjå [Statlige planretningslinjer for klima og energi - Lovdata](#), siste avsnittet i kap. 5.

Klimaendringane sin påverknad på avrenninga må også avklarast og takast omsyn til.

Ved store utbyggingsområde, og utbygging i tettbygde strøk, bør de vurdere kva krav til infiltrasjon og drying av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda. Dette bør de gjere ut frå kunnskap om flaum- og vassføringssituasjonen i bekker og elver. For å sikre trygg bortleiing av vatn ved dei store regnhendingane, rår vi til å kartlegge flaumvegane i byggeområda fram til resipient.

Å sikre samanhengande flaumvegar krev planlegging på oversiktsnivå. De kan gjere dette som ein del av kommuneplanarbeidet, eller de kan sette krav om felles planlegging for område som omfattar nedslagsfeltet. Vi viser til [NVE 4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#) som gir råd for overvasshandtering i planarbeidet, for både kommuneplan- og reguleringsplannivå. NVE har også publisert rettleiar [2/2023 Kartlegging av fare for overvann](#) som kan være til nytte i arbeidet.

NVE rår til å sette byggjegranser mot vassdrag

Alle vassdrag bør merkast tydeleg i plankartet. Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. De bør ikkje leggje til rette for utbygging tett inn til vassdrag, og vi rår til å innføre byggjeforbod i eit bestemt meterbelte langs vassdrag. Breidda kan differensierast ut frå vassdraget og omgjevnadane sin karakter. For å ta i vare vassdragsmiljø og allmenne interesser i vassdrag, er det oftast naudsynt å setje byggjegranser i større avstand til vassdraget enn kva som er naudsynt av tryggleikssyn. For å gi god oversikt og sikre god styring med vassdrag og vassdragsnære areal, rår NVE til at kommunen nyttar arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, jf. pbl § 11-7 nr. 6, til å merke alle vatn, elvar og bekkar som er vist med flate i kartgrunnet.

Gjer greie for konsekvensar for allmenne interesser i vassdrag

NVE oppmodar dykk om å legge opp til ein arealbruk som ikkje medfører inngrep i vassdrag. Dersom kommuneplanens arealdel/ kommunedelplan legg opp til tiltak som inneber inngrep i vassdrag, må de i konsekvensutgreiinga (KU) gjere greie for om tiltaket påverkar allmenne interesser i vassdraget. Døme på allmenne interesser er fiskens frie



gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfold, vitenskapelig interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred.

Verna vassdrag

Det er verna vassdrag i kommunen. Sjå [kartbasert rettleiing for kommuneplanen sin arealdel](#) punkt 12. [016/2 Området mellom Seljordvatn og Flåvatn - NVE](#) og [016/6 Lifjellområdet - NVE](#). Klikk på lenkene for meir informasjon.

[Dei rikspolitiske retningslinene](#) for verna vassdrag skal leggjast til grunn når kommunen skal fastsette føresegner til planen. Ein skal unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø.

Retningslinene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekker, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m bredde på sidene av desse. Tiltak må ikkje kome i konflikt med vernegrunnlaget for vassdraget. Verna område kan visast som omsynssone *bandlegging etter anna lovverk*.

Korleis ta omsyn til vassdrags- og energianlegg i planen

Sentral- og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova er unnateke frå pbl., jf. § 1-3. Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar må de syne med omsynssone *Bandlegging etter anna lovverk H740*, jf. pbl § 11-8 d, i plankartet.

Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til pbl. Desse kan de sette av i plankartet som *Teknisk infrastruktur* etter pbl § 11-7 nr. 2. NVE ber dykk kontakte Statnett, regional netteigar og områdekonsesjonær, slik at de kan ta omsyn til planlagde nye kraftleidningar, og oppgradering av eksisterande kraftleidningar.

De bør markere reguleringsmagasin i plankartet som omsynssone/område som er bandlagt etter vassdragslovverket med føremål *Reguleringsmagasin* (pbl § 11-8 d). Anlegg for produksjon av energi bør de sette av som område for *Bebyggelse og anlegg*.

Data om vassdrags- og energianlegg er tilgjengeleg på [NVE Atlas](#) og på NVEs [temakart](#), kartlaget *NVE Kraftsystem Nettanlegg*.

Minstekrav til avstand til kraftleidningar er regulert gjennom forskrift om elektriske forsyningsanlegg. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) har i [Veiledning til forskrift om elektriske forsyningsanlegg](#) publisert tabellar med minsteavstandskrav til kraftleidningar. Dei absolutte avstandskrava er frå 2-10 meter.

Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).



Økonomiske støtteordningar og innmelding av kartlegging

De kan søkje om tilskot til å kartleggje faresoner for flaum og skred der det i dag finst eksisterande busetnad. Dette kan omfatte både kartlegging av nye faresoner og oppdatering av eksisterande faresoner. Vi viser til NVEs nettside og [Økonomiske støtteordningar til miljøtiltak, kartlegging og sikring mot naturfare - NVE](#). Merk at ordninga ikkje gjeld oversiktskartlegging i form av aktsemdkart eller kartlegging som uansett vil bli gjennomført i samband med arealplanar eller byggesak.

Generelle råd og rettleiingsmateriell frå NVE

For å få ei full oversikt over korleis de kan ta omsyn til våre tema i kommune(del)planen rår vi til at de nyttar våre [internettider for arealplanlegging](#). Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til sida [Kommuneplan - NVE](#). NVE har laga fleire webinar om våre tema. Alle er tilgjengeleg på: [NVEs naturfarewebinar](#).

NVEs oppfølging av planarbeidet

I planframlegget må det ved offentleg ettersyn gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVEs saksområde må vere lagt ved planar som blir sendt på høyring til NVE. Vi ber om at alle plandokumenta blir sendt elektronisk.

NVE har erfaring med at det er nyttig med dialog mellom kommunen og oss i forkant av høyringa av kommunedelplanen. Vi oppmodar dykk difor om å ta kontakt. Det same må de gjere dersom de har spørsmål til vårt innspel eller til faglege råd i dette brevet.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Midt-Telemark kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
TELEMARK FYLKESKOMMUNE